

REGLEMENT FOR UMLEIGE AV SPINNERIET

1. Rom i Spinneriet kan leigast ut til alle lovlege føremål.
2. Faste avtalar om leige kan inngåast for inntil 1 år om gongen i perioden 27. august til 15. juni. Leige kan ikkje avtalast lengre fram i tid enn gjeldande periode.
3. Faste avtalar om leige, må vika for ekstraordinære arrangement.
4. Kundesenteret har fullmakt til å gje avtale om utleige, fører register over utleige og leverer ut nøklar til leigetakar v/ ansvarleg person over 18 år. Nøklane skal leverast attende til Kundesenteret første kvardag etter bruk.
5. Ved spørsmål kring servering av alkohol, vert det vist til alkohollova samt gjeldande alkoholpolitisk plan. Kundesenteret har orienteringsskriv.
6. Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret. Leigar kan måtta erstatta skaden.
7. Leigetakar pliktar å setja seg inn i og retta seg etter gjeldande ordensreglar

LEIGEPRISAR SPINNERIET pr rom /dag (døgn)				
Rom	Antall personar	Frivillige Lag/org.	Ikkje-kommersielle/ private arrangement	Kommersielle føretak
Sal 1. etg*	inntil ca 75 pers	kr 0	kr 1 000	kr 2 500
Sal 2. etg*	inntil ca 55 pers	kr 0	kr 1 000	kr 2 500
Kafé + kjøkken	inntil ca 35 pers	kr 0	kr 1 000	kr 2 500
Vaktmeistereneste	kan tingast for kr 250,- /time			

* inkluderar **ikkje** bruk av kjøkken

Det kan verta kravt etterbetaling ved manglande rydding og klargjering. Leigekontrakt skal fyllast ut.

Leiga ein betaler for Spinneriet inkluderer alltid reingjering. Det er likevel ein føresetnad at leigetakar ryddar, fjernar boss og klargjer etter seg i tråd med ordensreglane.

ORDENSREGLAR OG BRANNINSTRUKS FOR SPINNERIET

ORDENSREGLAR

- Ein må sikra at rømmingsvegane er frie – både før, under og etter bruk av lokala.
- Ein skal sjå til at inventar og utstyr står i same orden som då lokala vart tekne i bruk.
- Bordplater m.v. skal reingjerast etter bruk.
- Brukt kjøkkenutstyr skal reingjerast. Vask av koppar, tallerkar m.v. skjer i oppvaskmaskin. Det er ikkje tillete å ta med seg utstyr frå bygget.
- Avfall og søppel skal sorterast og leggjast i bossdunk utanfor bygget.
- **Termostat for innetemperatur må ikkje stillast på!**
Temperatur-auke kan ein oppnå via ventilasjonssystemet:
 1. etg: Timer-knapp (3 timer) ved utgang/nødutgang mot aust (skilta).
 2. etg: Av/På-bryter ved utgang/nødutgang mot aust (skilta).
- Miljøet i Spinneriet skal vera røykfritt.
- Attgløymde gjenstandar, som ikkje vart henta innan ein månad, kan bli kasta.
- Spinneriet får ikkje nyttast som lager.
- Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret.

BRANNINSTRUKS

- Ansvarleg person er den som disponerer nøkkel til bygget. Denne skal gje dette tilkjenne før arrangementet tek til.
- Brann vert varsla ved støyttvis ringing / brannalarm.
- Ring 110 for å melda frå til brannvesen
- Kan du avgrensa skade på menneske eller materiell, så gjer det. Hugs at liv og helse alltid har 1. prioritet.
- Lukk vindauge og dører og forlat bygget umiddelbart.
- Møt opp på gardsplassen framfor bygget og meld deg for brannvernsléiar eller den som har ansvar for oppteljing.